

# TV-aksjonen søndag 21.okt. 2018 går dette året til **Kirkens Bymisjon**



**Kirkens Bymisjon** bruker dei innsamla pengane dette året til å hjelpa barn og unge og vaksne som slit med ulike problem og tilpasningsvanskar i kvardagen.

## Svært mange nordmenn og innvandrarfamiliar har store problem i kvardagen -

### **manglar fritidsaktivitetar**

- « ei seng å sova i
- « sosialt nettverk
- « jobb
- « husvære
- « mat og drikke
- « utdanning
- « språkkunnskap
- m.m.

### **har dårleg livskvalitet**

- « rusproblem
- « uføre familiemedlemmer
- « akutte basisbehov
- « psykiske prolem
- « dårleg helse
- « dårleg sjølvbilete
- « dårleg råd
- m.m.

## Info om Kirkens Bymisjon:

**Kirkens Bymisjon** jobbar hardt og målretta for

- at barn og unge skal få ei god og trygg oppvekst.
- å hjelpa familiar som slit med rusproblem i heimen.
- å hjelpa unge og vaksne med utdanning og jobb.
- å hjelpa minoritetsgrupper med språkopplæring og få dei inkludert i lag og foreningar.
- å hjelpa tiggerar og gatebarn til å få eit verdig liv.
- å hjelpa dei som slit med traumer og psykiske problem.
- å gi omsorg og meningsfylt liv til unge og gamle m.m.

**Kirkens Bymisjon** starta i 1855 og driv i dag meir enn 200 tiltak i rundt 40 byar og tettstader over heile landet.

**Ordførar Ole Johan Vierdal** er leiar i den kommunale komiteen for TV-aksjonen i Vindafjord og **Sakshandsamar for Service og fellestenester på Rådhuset, Gunnbjørg Nesbu** er sekretær.

Ordføraren har ansvar for at det blir oppnemnd **ein kontaktmann** i kvar av dei 9 bygdene i Vindafjord.

I Vats er det **Jon Olav Velde** som er kontaktmann for kommunekomiteen.

Han har tlf. **905 54 134** og e-postadresse: **veldejon@online.no**

**Vil du bli med som bøsseberar, så ta kontakt med Jon Olav snarast.**

**NB!** Alle bøssebererar møter i Vindafjordhallen seinast kl. 14.45 for å få info og sine bøsser utdelt.

Sjå elles på nettet: [www.blimed.no](http://www.blimed.no) Alle innsamla penger blir brukt her i landet i år.

## Til alle husstandar:

Ta vel mot den som bankar på døra di søndag 21. oktober frå kl. 15.00 og utover.

Helsing      Jon Olav Velde      - Kontaktmann i Vats -